



Tilsynsutvalet i Vestland -for Hardangervidda nasjonalpark

løyvehavarar

<i>Dykkar ref.</i>	<i>Vår ref.</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Dato</i>
	20/1307-3 /agny/20/17110	FA-K01	18.06.2020

Retningsliner for motorfisert ferdsel i nasjonalparken - barmarksesongen 2020

Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark tildeler motorferdselløyver etter fylgjande punkt i § 4 i verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark for barmarksesongen 2020:

- Jegerar med gyldig jaktkort får inntil 2 landingar / 2 turar med traktor etter godkjende sleper for naudsynt transport i samband med storviltjakt, jf. pkt.4.6.3.1.a / 4.6.3.1.b.
- Allmenningsbrukarar og private grunneigarar får 2 landingar /2 turar med traktor etter godkjende sleper i samband med garnfiske over 50 garndøgn. Dei må ha løyst garnfiskekort. Der det er fleire søkjarar til same vatn og husvære, skal turane samordnast så langt det let seg gjera, jf.pkt. 4.6.3.2.a / 4.6.3.2.c.
- Det kan gjevast løyve til bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn mindre enn 2 km² i samband med garnfiske, storviltjakt og landbruksverksemd, jf. pkt.4.6.3.1 c, 4.6.3.2.d og 4.6.3.4.a.
- For transport i samband med gyldig byggjeløyve vert det tildelt naudsynt ant. turar dei 2 fyrste åra etter godkjent byggjeløyve. For tilsyn og vedlikehald av hytter/buer i barmarksesongen kan det tildelast inntil 2 landingar med fly/helikopter, jf. pkt. 4.6.3.5.a.
- Eldre og uføre, som har lang og særskilt tilknytning til fjellområdet. Uføre må vurderast ut frå kvar enkelt søknad. Desse kan få inntil 4 landingar. (2 turar/retur), jf. pkt. 4.6.3.5.d.
- Transport av utstyr og proviant samt i samband med slepp, tilsyn og sanking av beitedyr i fjellet får inntil 5 landingar pr. år. Desse vert gjeve som fleirårsløyve, jf. pkt. 4.6.3.4.a.
- Transport av varer og utstyr til turisthyttene får inntil 10 landingar med helikopter og 10 turar/retur med traktor på godkjente sleper pr. år. Desse vert gjeve som fleirårsløyve, jf. pkt. 4.6.3.3.c og d.

- Alle hytteeigarar langs med Tinnhøvegen får inntil 10 turar/retur årleg. Dei får køyra fram til hyttene sine, og parkera ein bil ved hytta. Desse vert gjeve som fleirårsløyve, jf. pkt. 4.6.3.5.c.
- Det vert gjeve løyve til naudsynt transport i samband med forskning, jf. pkt. 4.6.3.5.f.

Søknadar som ikkje er "kurante", vert lagt fram for Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark i møte, eller i hastesaker avgjerast av leiar og leggjast fram som melding i neste møte.

Denne transporten må då gå føre seg i perioden frå det er snøfritt til snøen legg seg att. (15. juni - 30.nov.)

Løyve over fleire fylke vert gjeve av det tilsynsutvalet som er endemålet for turen, etter uttale frå dei andre fylka som turen gjeld. Innrapportering skal skje til det fylket som gav løyvet.

Helsing

Anne Gerd Nysveen
sakshandsamar
Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark

Dette dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.